

Årsmelding for Bø orienteringslag 2016

Styret for Bø o-lag har i 2016 sett slik ut:

Leiar:	Steinar Lande	(på val)
Sekretær:	Tone Nilsen	(på val)
Kasserar:	Jon Kvisli	(ikkje på val)
Sportsleg leiar:	Dag Steinar Ragvin	(ikkje på val)
Styremedlem:	Synne Kleiven	(ikkje på val)
Styremedlem:	Bjørn Steen	(på val)
Styremedlem:	Dag-Øyvind Olsen	(på val)
Kartansvarleg:	Per Chr. Hagen	(på val)
Valkomitè:	Jon Solberg	(ikkje på val)
	Eivind Frode Rinde	(ikkje på val)
Revisor:	Lars Sanden og Trude Harstad	
Web-ansvarleg:	Jon Kvisli	

Styret har hatt 2 styremøte + 1 møte med Sparebanken DIN angående sponning.

Betalande medlemmer i Bø o-lag

Medlemstalet har gått opp frå i fjor. Me har nå totalt 114 medlemmer.

Vi har eit resultat (overskot) i 2016 på 125.655 kroner, mot budsjettert 120.900. Overskotet skuldast i hovudsak inntekter frå SG2015 og spelemiddel for Vatnar-kartet som først blei utbetalt i 2016.

Laget har 315.553 kroner «på bok» (balansen). 22.637 av dette er fordringar, som hovudsakeleg skuldast at eigenandeler for startkontingentar blir betalt inn etter nyttår 2017.

Heimeside og Facebook.

Bø o-lag har både heimeside og profil på FB. Heimesida www.boolag.org, som Jon Kvisli er ansvarleg for, inneheld informasjon om resultat og strekktider frå alle treningsløp. Både på FB og heimesida blir det lagt ut informasjon om kva som skjer i og rundt Bø o-lag. På FB kan også medlemmene sjølv legge ut kommentarar og bilete dei vil dele med resten av klubben. Dette opplevast som ein fin måte å nå ut til dei fleste av medlemmene på.

Rekruttering i Bø o-lag (av Bjørn Steen)

I vår hadde vi tre løp av type «Råtassen». 30. mars og 6. april ved Bø skule og 13. april ved Gullbring. Det var godt framme alle tre gongene, totalt 114 born var med til saman på disse 3 kveldane. Siste kvelden kolliderte det med langrennsgruppa avslutning. Det bør vi prøve å unngå i år.

Vidare hadde vi enkle løyper i heile april og mai månad med hjelpeplakatar for å unngå at nokon tulla seg bort. Resten av året gjekk nybyrjarane vanleg N-løype.

Bø o-lag arrangerte også skulesprint i Gullbring for 6. og 7. klasse frå Folkestad skule og 6. klasse frå Bø skule. Her var det til saman ca. 90 elever som fekk prøvd seg med kart og kompass.

I slutten av september hadde vi intern o-troll-leir for Bø OL på Folkestad skule. 19 deltakarar møtte fram, alder 7-12 år. Antall leiarar var 3 stk som var der heile tida + nokon som kom litt til og frå. Vi hadde nattorientering på skulekartet på fredag kveld. Vi er ikkje heilt sikre på at alle tok postane i riktig rekkefølge, men ungane hadde det moro og løp løypene opptil fleire gonger. Vidare var det spel, eigenmoro i gymsalen og – ikkje minst – god mat. Ein stor takk til dei som lagde desse måltidene! Laurdag hadde Dag Steinar eit opplegg med stjerneorientering i skogen utanfor skulen, og etter det var det ulike leiker i skulegarden. Det blei vist stor innsats frå samtlege. Etter formiddagsmat var det avslutning og premieutdeling av tremedaljar.

Det som ikkje var så bra var at det blei gjort noe rot i ein av korridorane, sannsynlegvis på laurdag. Dette såg vi dessverre ikkje, og det blei påpekt da vi leverte tilbake nøklane. Elles var dette eit vellukka arrangement.

Nybyrjarar på onsdagsløpa

I vårsesongen var det 130 startande i N - løypa på treningsløpa. Om hausten var det 70 startande. Tala for 2015 var henholdsvis 177 og 35.

4 rekruttar frå Bø OL deltok på kretsløpet vårt på Vatnar.

Fleire frå o - laget deltok på orienteringsforbundets rekruttseminar og “Møt ein meister” onsdag 19. oktober i Bø.

Større arrangement (av Dag Steinar Ragvin)

Kretsløp på Vatnar søndag 8. mai

119 deltok. 12 av disse var frå Bø. Dei øvrige frå andre stader i Telemark og Vestfold. Bjørn Steen og Dag Steinar Ragvin var henholdsvis løypeleggjar og løpsleiar. Veret var fint og folk virka nøgd. Tusen takk til dei som hjelpte til!

Sportsleg aktivitet (av Dag Steinar Ragvin)

Treningsløp

20 treningsløp blei arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp og klubbmeisterskap på Forbergåsen. Desse klubbløpa hadde totalt ca. 755 startar, 38 i gjennomsnitt pr. løp. Deltakinga har variert frå 5 på siste haustsprint til 70. Tala er gode, slik dei også har vore dei siste åra då tala var:

- 720 startar, 36 pr. løp (20 løp) i 2013
- 860 startar, 41 pr. løp (21 løp) i 2014
- 725 startar, 36 pr. løp (20 løp) i 2015

235 personar deltok ein eller fleire gonger. Ein viktig årsak til gode tal er truleg sesongstart med rekruttløp rundt påsketider ved Bø skule og Gullbring, men også marknadsføring av rekruttløpa og treningsløpa i Bø blad tidleg. Vi var også veldig heldige med veret i 2016. Val av stad/terreng har også mykje å seie. Vi la ekstra ressursar i dei 5 første løpa med eigne rekruttansvarlege. Tusen takk til alle arrangørar!

Klubbmeisterskap

Klubbmeisterskapet blei arrangert onsdag 21. september på Forbergåsen. Følgjande blei klubbmeistrar:

D15- Elise Støren
H15- Dag Steinar Ragvin
D50- Gunn Botnen
H50- Per Christian Hagen
D65- Bjørg Mostaul
H65- Bjørn Steen

Kretsmeistrar og medaljar i KM

Individuelt

D15-16: Elise Støren Bronse sprint

H21:	Dag Steinar Ragvin	Gull langdistanse + sølv nattorientering
H60:	Per Christian Hagen	Gull samanlagt alle KM
D65:	Björg Mostaul	Kretsmeister langdistanse

Stafett 28. august i Skien

H17: Gull til Bø o – lag (Eivind Frode Rinde, Steinar Lande, Dag Steinar Ragvin)
H150: Bronse til Bø o – lag (Sigbjørn Ytrehus, Jarle Botnen, Per Christian Hagen)

Resultat frå nasjonale meisterskap

Hovudløpet sprint Konnerud:	51. Elise Støren	D15
Hovudløpet langdistanse Konnerud:	31. Elise Støren	D15
NM langdistanse Bodø:	57. Dag Steinar Ragvin	H21
NM ultralangdistanse Fredrikstad:	29. Dag Steinar Ragvin	H21
Noregscup samanlagt H21:	186. Dag Steinar Ragvin	1 poeng
Veteranmeist. langdistanse Modum:	6. Björg Mostaul	D65
Veteranmeist. mellomdistanse Modum:	3. Björg Mostaul	D65
	15. Margit Ryen Steen	D65
	24. Synnøve Dalva	D70
	8. Steinar Lande	H40
	24. Øyvind Støren	H45
	19. Per Christian Hagen	H60
	46. Arne Lande	H70

World Master Orienteering Championship 5. – 14. august, Estland

Sprint:

36. Per Christian Hagen	M60 B – finale
41. Inger Lise Solberg	W70 B – finale
32. Arne Lande	M70 D – finale
Olav Solberg (deltatt)	M70 D – finale

Langdistanse:

9. Inger Lise Solberg	W70 B – finale
7. Per Christian Hagen	M60 C – finale
29. Olav Solberg	M70 D – finale
35. Arne Lande	M70 D – finale

Anna

Talet på deltakarar frå o – laget i utvalgte løp utanfor Bø:

KM Skien:	10
Drangedalsløpet	10

Pinseløp Kongsberg 9
Sørlandsgaloppen: 19

Me drog på klubbtur til Danmark og Nord Jysk 2 – dagers på Skagen 11. – 13. mars. 9 deltok.

Elise Støren deltok på o – landsleiren på Konnerud for ungdommar i alderen 14 – 16 år, samt i MOT – TV – cupen, ungdomscupen for løparar i Telemark og Vestfold.

Klubben deltok med seks løparar som utgjorde eit herrelag i den stemningsfulle natt- og dagstafetten Night Hawk frå Linderudkollen i Oslo på seinsommaren.

Kartarbeid 2016

Bø o-lag har ikkje gjeve ut nye kart eller føreteke revisjon av konkurransekart i 2016. Det blei laga eit nytt skulegardskart over Folkestad skule på hausten før o-troll-leiren i september.

Det er gjort ein del oppdateringar, hovudsakeleg nye stiar, på Breisås-kartet og på Folkestad-kartet. Bjørn Steen, Jon Kvisli, Steinar Lande og Per Chr. Hagen synfarte inn nye stiar og noen få andre detaljar, og Jon Kvisli har lagt dei inn i kartfilene.

Spelemiddel for Vatnar-kartet, som blei gjeve ut i 2014 (54 000 kr.), blei utbetalt i 2016.

Avslutningsfest på Bø ungdomskule

Det er blitt ein tradisjon å avslutte o-året på Bø ungdomskule. Medlemmer i alle aldrar møter opp. I år var med ca. 40 stk. Quiz laget av Bjørn Steen er fast post på programmet –her får både ny og meir erfaren løpar bryna seg på spørsmål frå diverse kategoriar. For dei minste er det o-løp i Frivoll spektrum – dette er gøy! Løypa blir sprunge mange gonger - om å gjere å få ny rekord kvar gong!

Alle barna som er møtt opp får ein premie for deltakinga i o-året.

Serveringa er pizza, med kaffe og kaker. Festen blir avslutta med loddsal med premiar gitt av lokale bedrifter og medlemmer.

Dette er ein hyggeleg kveld – takk til dykk som arrangerer!

Styret takkar medlemmer og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2016.

Bø 12.feb 2016.

For styret, sekretær: Tone Nilsen